

# KJERNEGRUPPER

## **Kva er kjernegruppe:**

Kjernegruppe er eit førebyggjande tiltak med låg terskel for deltaking. Målgruppa er ungdommar på ungdomsskuletrinnet og vidaregåande skule med foreldre, og tiltenkt dei som ein er urolige for i forhold til rus, hærverk, naskeri, vold og anna åtfærd som kan tyde på dei har bruk for hjelp frå fleire etatar.

## **Intensjon med å opprette kjernegrupper:**

- Få ungdom tilbake til skule og/eller arbeid, samt slutte med uønska åtfærd.
- Koma inn på eit tidleg tidspunkt, for å stoppa uheldig åtfærdsutvikling.
- Nytte seg av og styrke foreldra sin kompetanse som ressurs og støtte til ungdommen.
- Få eit felles system som kan ivareta eit godt tverretatleg samarbeid, få auka lokalkunnskap ( spesielt for politiet ) og lågare terskel for intervensjon, som då i enkelte saker kan krevja mindre og enklare grep enn om hjelpa vert sett inn seinare.

## **Politiet ønskjer:**

Politiet ønskjer ikkje å ha ein rein strafferettsleg, reaktiv haldning til dei problem og utfordringar ungdom i dag står overfor. Me har ei plikt til å tenkja førebyggjande, og visjonen må vera å få flest mogleg i riktig retning, før problema vært så omfattande at straffesakssporet er den einaste vegen å gå.

Politiet ønskjer derfor at ein opprettar kjernegrupper knytt til kvar ungdomsskule og kvar vidaregåande skule i vårt distrikt.

Politiet ønskjer at kjernegruppene har faste representantar frå politi, barnevern, helsesøster og den einskilde skule. Ein kan kalla inn andre aktørar, som ”Salto”, ungdomskontakt, miljøarbeidarar og liknande, avhengig av den som skal følgjast opp sine behov.

Politiet ønskjer at ein har oppstart av kjernegrupper frå oppstart av skuleåret 2015/2016 .

## **Politiet si bestilling til kommunane i Nordhordland:**

1. **Politiet ber om at den einskilde kommune handsamar dette, og kjem med tilbakemelding om kommunen ønskjer å oppretta ei kjernegruppe på kvar ungdomsskule i kommunen.**
2. **Dersom den einskilde kommune ønskjer å oppretta slike kjernegrupper, når ønskjer dei oppstart skal vera.**